



Koret blir fotografert ved Bøkkerverkstaden

Vårt populære blandakor Røysterett for alle har starta ein ny sesong med ei fotoøkt ved Bøkkerverkstaden og Bygdetunet Rød. Opptaka vil pynta opp cd-en som vart sunge inn i dei første dagane av april og som skal vera klår til julesalet.

Fotograf Hans Odin Østebø gjorde ein grundig og profesjonell jobb og det vil bli eit salsvennleg produkt. Når det gjeld utvalet av songar er repertoarnemnda no i gang med si vurdering.



Koret blir fotografert ved Bygdetunet Rød

Leiar Lars Henrik Skogtun fortel at den første sanglege oppgåva i den nye sesongen blir ein felles konsert i Aktivitetshuset laurdag 1. oktober med Laksevåg Blandakor frå Bergen. Rosendal Songlag er også med i konserten.

Det neste blir ein konsrt i kyrkja med salmar av Elias Blix søndag 20. november. Dette er eit samarbeid med musikklaget i Uskedalen og det er veteranen Bjørgulf Eik som har teke initiativet.

Den tradisjonelle julekonserten i kyrkja blir så neste og siste post dette året.

Eit særleg aktuelt tema for koret er bemanninga og Skogtun slår fast at dei bør bli fleire - av både kvinner og menn. No er talet 31 medan dei har vore heilt oppe i 45 og det er i alle fall eit ynskjemål at koret skal vekse til nærmare 40 songarar og også få eit større innslag av yngre folk.

Ein nøkkel til auke er eit fornya repertoar og det arbeider dei med, men her møter dei ein hemsko - det er arrangert så altfor få songar for kor.

- Ein annan nøkkel til auke er å ta med partnaren sin inn i koret. Det har to av oss gjort og eg kan lova at der er både praktisk og artig, seier Skogtun.

- Og kvifor ikkje naaboen, legg han til.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



- Ta partnaren med i koret!